# MØTEREFERAT

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Referat fra:** | Internasjonal komité | **Møtedato:** | 14. mars 2011 | **Tid:** | Kl. 10-15 |
| **Møteleder:** | Sigmund Hagen | **Møtested:** | Granavollen gjestgiveri | **Arkivsak:** | |
| **Referent:** | Inger Elin Nes Hjelle | **Ref.dato:** | | **Arkivnr.:** | |

| | |
|---|---|
| **Deltakere:** | Sigmund Hagen (SV), Camilla Melgård (H), Jøran Ødegård (Frp), Kjetil Kjenseth (V, vara) |
| **Andre** | Live Andersen, internasjonal rådgiver<br>Terje Kongsrud, kulturrådgiver<br>Inger Elin Nes Hjelle, internasjonal rådgiver |
| **Forfall:** | Anne Marte Aslesen (Ap), Johannes Rindal (Sp), Jehans Storvik (Ap), Sanna Sarromaa (V) |
| **Ikke møtt:** | |
| **Kopi til:** | |

## Referat frå møte i Internasjonal komité 14. mars 2011

### Følgjande saker blei drøfta:

| Saknr | Saktittel/referat | Ansvar |
|---|---|---|
| 1. | **Utvikling av kulturnæringar knytta til Granavollen**<br>Prosjektleiar Randi Thorsen orienterte om utviklinga rundt Låven, Pilegrimsleden, Granavolden Gjæstgiveri og bedriftsnettverket Historiske Hadeland (samarbeid mellom kultur- og reiselivsaktørar på Granavollen, Tingelstadhøgda og Røykenvik. | |
| 2. | **Handlingsplan for kulturnæringar og kulturbaserte næringar**<br>Innleiing ved Terje Kongsrud – presentasjon av arbeidet så langt.<br><br>Drøfting/debatt:<br>• I møtet med Lillehammerregionen var det fokus på Snowball og store vintersportsarrangement. Høyrer dette heime i denne planen? I den grad idrett skal bli dratt inn, bør det vere med fokus på ***synergiane*** av idrettsarrangement.<br>• Planen bør beskrive fylkeskommuna si rolle opp mot regionane – korleis kan fylkeskommuna bistå regionane i deira utviklingsarbeid.<br>• Korleis skal høyringa leggast opp? Kven skal vere høyringsinstans? Det bør leggast opp til ei brei høyring, gjerne også ei open, webbasert høyring. Det kom også forslag om blogg, nettprat og opne møte. Det blir viktig å skape engasjement og få flest mulig innspel.<br>• Det blei ein del diskusjon rundt detaljeringsgraden i dokumentet. Skal høyringsutkastet definere konkrete tiltak for kvar enkelt region og løfte fram nokre prioriterte område, eller skal ein i høyringa invitere til at høyringsinstansane kjem med innspel til denne konkretiseringa?<br>Administrasjonen tek med seg elementa som kom fram i diskusjonen på møtet og | |

**Postadresse**
Serviceboks
2626 LILLEHAMMER
**Org. nr.** 961382335

**Besøksadresse**
Kirkegaten 76
**Bankkonto:** 2000 09 50018
**E-post:** postmottak@oppland.org

**Saksbehandler:**
Inger Elin Nes Hjelle
**Telefon:** +47 6128 9000
**Telefaks:** +47 6128 9495

| | | | |
|---|---|---|---|
| | prøver å gi ei breiast mulig beskriving av regionane og deira prioriteringar.<br>• Komiteen ga tilslutning til oppbygginga av planen og retninga som er gitt så langt.<br>• Framdriftsplan:<br>13. mai: Utsending av dokument til komiteen.<br>23. mai: Komitémøte. Justeringar av sluttdokument.<br>3. juni: Utsending av høyringsdokument.<br>26. august: Frist høyring.<br>5. september: Komitémøte. Oppsummering av høyring.<br>16. september: Utsending til Fylkesting.<br>27. – 29. Sept.: Fylkesting, endelig vedtak. | |
| **3.** | **Eventuelt**<br>a) Internasjonaliseringskonferansen 16. mars blei avlyst pga for få påmeldte. Då påmeldingsfristen gikk ut, var det 15 påmeldte (derav halvparten interne). Kanskje bør vi i framtida satse på temaseminar f.eks. innan utdanning, kultur, næring osv. og vere tydeligare på kven som er målgruppa.<br>b) Status for Thüringen-samarbeidet: Det er fortsatt interesse i Thüringen (e-post mottatt 11/3), og dei jobbar med utkastet til avtale. Arbeidet har blitt forsinka pga innsetting av ny minister for Europaspørsmål. | |